



Byglandsnytt nr.25 –september 2021

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no

Neste utgåve: 1. oktober - Send tips om arrangement til post@bygland.kommune.no innan 29.09.

- Bygland kommune si heimeside: www.bygland.kommune.no

Opningstider Bygland kommunehus

Sentralbord: tlf. 37 93 47 00 - måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00

NAV: tlf. 55 55 33 33 - måndag – fredag kl. 08.00-15.00

Rettleiingssenter i Bygland: drop-in uten timeavtale torsdag kl. 12.00–14.00

Legekontoret tlf. 37 93 47 30 - Legevakt tlf. 116 117

Bygland legekantor

Sentrum 18, 4745 Bygland

Byglandsfjord legekantor

Senumsvegen 994 A, 4741 Byglandsfjord

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	09.00 – 15.00	
tysdag	09.00 – 15.00	
onsdag	Stengt	09.00 – 15.00
torsdag	09.00 – 15.00	
fredag	Stengt	09.00 – 15.00

Folkebiblioteket i Bygland

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
tysdag	16.00 – 19.00	10.00 – 14.15
torsdag	14.00 – 17.00	

Politiske møte, sakspapir og protokollar:

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Kommunestyret:** 02.09. kl. 13.00 og 30.09. kl. 13.00
- **Formannskapet:** 02.09. kl. 11.00 og 21.09. kl. 12.00
- **Plan, miljø og ressursutvalet:** 07.09. kl. 12.00
- **Levekårsutval:** 20.09. kl. 17.00

Nytt om namn i kommunen:

Nils Børge Kile tok til i stillinga som fisk – og vassdragsforvalter den 23.08.2021.

Kontakt: tlf: 915 47 807 – e-post: nils.kile@bygland.kommune.no

Ledige stillingar

Besøksheim og fritidskontakt

Er du ein ung vaksen som har lyst til å ta med ungdom på ulike aktivitetar? Der er tre unge gutar som treng fritidskontaktar og ein som treng besøksheim

- **Arbeidsoppgåvene:** Ta med ungdom på aktivitetar som tur, fiske, båt, fotball, sykling, kino, sosialt samvær m.m.
- **Kven er du?** Vi ønskjer unge vaksne som er aktive og flinke til å aktivisere. Stillinga krev inga særskilt utdanning, men den som blir tilsett må vere positiv, initiativrik, fleksibel og ha gode evnter til samarbeid og kommunikasjon
- **Arbeidstid:** Du vil arbeide ein ettermiddag i veka for kvar av gutane og ha besøksheim ei helg i månaden.
- **Lønn:** Lønn etter tariff som assistent og besøksheim, utgiftsdekking og godtgjersle ved bruk av bil.



For meir informasjon, ta kontakt med Kjersti Plathe, tenesteleiar Helse på tlf. 952 15 572

Stillingsannonser i Bygland kommune finn du på kommunen sin heimesida: www.bygland.kommune.no – Ledige stillingar

Stortings- og sametingsvalet 2021



- **Utlegging av manntal**

Står du i manntalet? Dersom du ikkje står i manntalet, kan du ikkje røyste ved valet 13. september 2021

Manntalet vert lagt ut til offentleg ettersyn frå 14. juli og fram til valdagen, måndag 13. september, på desse stadene:

- Coop Ose
- Joker Bygland
- Coop Byglandsfjord

Har du nyleg flytta til kommunen og folkeregisteret har tatt imot flyttemelding frå deg innan 30. juni 2021, skal du stå i manntallet i tilflyttingskommunen. Blei flyttemeldinga mottatt etter denne datoen, står du framleis i manntalet i den kommunen du flytta frå. Du kan då velje om du vil røyste der på valdagen eller røyste på førehand.

Dersom du meiner at du sjølv, eller nokon annan, med urett er innført eller utelate frå manntalet, kan du krevje at valstyret retter opp feilen. Kravet skal vere skriftleg og grunngjeve.

- **Digitalt valkort**

Valdirektoratet sendte ut 3,5 millionar digitale valkort tidligare i august. - Dette markerte starten på valet og sidan den 10. august har det vore mogleg å førehandsrøyste til årets stortingsval i alle kommunane i landet.

Ei stadfesting på røysteretten, men ikkje naudsynt for å røyste

Å få valkortet er først og fremst ei stadfesting på at du har røysterett ved årets stortingsval, seier direktør for Valdirektoratet Bjørn Berg.

I tillegg vil du finne nyttig informasjon om valet på valkortet. I år blei også valkorta sendt ut digitalt. Digitale valkort kan brukast direkte på mobiletelefonen, og dei treng du ikkje skrive ut. Det er heller ikkje naudsynt å vise valkortet når du skal røyste, men det gjer sjølve røystegjevinga enklare og raskare.

Det einaste du MÅ ha med deg er legitimasjon med fullt namn, bilete og fødselsdato. Har du dette, så får du røysta, fastslår direktøren.

Berg legg til at det er nokre som lurer på om det er mogleg å røyste på nett med digitalt valkort, men det er det ikkje. Det er ikkje gjort endringar i korleis valet blir gjennomført, og veljarane må møte opp i eit vallokale og røyste på papirrøystesetlar som tidligare. Det er mogleg å røyste i heile landet fram til 10. september. På valdagen må ein røyste i kommunen der ein er folkeregistrert.

Blir sendt til den digitale postkassen din og du blir varsla med SMS

Alle som får valkort digitalt, blir varsla om dette i ein SMS. Dei som brukar Digipost eller E-boks, finn valkortet sitt der. Dei som ikkje har en digital postkasse får tilgang til valkortet via valg.no eller på Altinn.

Dei som har reservert seg mot elektronisk post i kontakt- og reservasjonsregisteret, eller som ikkje har oppdatert eller stadfesta kontakinformasjonen sin i registeret dei siste 18 månadene, får fortsatt valkort tilsendt på papir.

Totalt blir det sendt ut over 3,5 millionar digitale og ca. 300 000 valkort på papir.

Les meir om digitale valkort på valg.no

- **Førehandsrøysting til Stortingsvalet 2021**

Førehandsrøystinga er i gong, og vi har motteke den første røysta. Du har høve til å førehandsrøyste frå 10. august til 10. september.

Førehandsrøysting

Dersom du ikkje har høve til å røyste på valdagen, kan du røyste på førehand.

Vi oppmodar om at så mange som råd nyttar høvet til å førehandsrøyste ved valet på grunn av den pågåande pandemien!



Bilete: Jorunn S. Tveiten

Førehandsrøyst i god tid før valdagen

Velgjarar som ønskjer å førehandsrøyste, kan gjere dette frå og med tysdag 10. august til og med fredag 10. september.

Du kan førehandsrøyste hos oss sjølv om du høyrer til ein annan kommune. Det er veljaren sjølv som har ansvaret for å avgje førehandsrøysta i så god tid i førevegen at ho kjem fram til valstyret i heimkommunen i god tid før valdagen 13. september.

Kven kan røyste ved Stortingsval?

Er du 18 år og norsk statsborgar, kan du røyste ved Stortingsvalet.

Er du i tvil, sjekk om du står i manntalet som er lagt ut til ettersyn.

Stad for førehandsrøysting

Kommunehuset er ope kvar vekedag mellom kl. 10.00 og 14.00. Vi har og førehandsrøysting på Byglandsheimen. På grunn av pandemien, vil det kun vere bebuarar og tilsette ved Byglandsheimen som har høve til å røyste der.

Valkort og legitimasjon

Alle som er aktive digitalt, har fått tilsendt digitalt valkort. Dei som har reservert seg mot digital post, vil få valkortet tilsendt pr. post.

Du treng ikkje ha med valkortet for å røyste, men det går raskare med røystegjevinga om du har det med.

Hugs å ta med legitimasjon. Du må legge fram legitimasjon om røystemottakar ikkje kjenner deg.

Rådet for eldre og funksjonhemma i Bygland

kommune gjer merksam om **Mobilt**

Passkontor

Styresmaktene har gått til innkjøp av Mobilt Passkontor, dette er å finne på



- **Bygland og Evje og Hornnes Lensmannskontor**, Verksvegen 4735 Evje **tysdag 5. oktober og tysdag 23. november**.
- **Valle og Bykle Lensmannskontor**, Kjellebergvegen 12, 4747 Valle måndag 4. oktober og måndag 22. november.

Timebestilling på tlf: 55 55 64 40 mandag til fredag kl.10.00 - 11.00 og 12.00 - 14.00. Du må ta med gyldig ID (gamalt pass, gyldig førerkort eller anna bekreftelse på kven du er).

Pris: Kr 570.- over 16 år, under kr.340.- (kort eller kontant, ikke kredittkort)

Les Politidirektoratet si pressemelding den 23.08.2021 på politiet.no
(på bokmål)

Ny tjeneste: mobile pass- og ID-kontor

Nå får mange med lang reisevei til pass- og ID-kontoret et bedre tilbud.

To mobile pass- og ID-kontor tilbyr mulighet for å søke om pass og nasjonalt ID-kort på utvalgte stoppesteder.

– Det ene mobile kontoret har base i Vest politidistrikt og skal dekke den sørlige delen av landet, unntatt Øst og Oslo politidistrikt. Det andre har base i Troms, og skal dekke de tre nordligste politidistriktene, sier Arne Isak Tveitan, seksjonssjef i Politidirektoratet.

Timebestilling og kjørerute

Innbyggerne kan bestille time på politiet.no på samme måte som på et vanlig pass- og ID- kontor. Her ligger også oversikter over kjørerutene, som oppdateres fortløpende.

– Dette er en helt ny tjeneste, og vi starter i det små for å høste noen erfaringer. Vi legger ut flere stoppesteder etter hvert, sier Tveitan.

Fakta om mobile pass- og ID kontor

- Innbyggerne kan bestille time på politiet.no.
- Når du legger inn sted eller postnummer i timebestillingen, får du opp nærmeste kontor. Hvis et mobilt pass- og ID-kontor har stoppested i nærheten, kommer det opp som et alternativ.
- Det ligger også en oversikt over kjørerutene på politiet.no som oppdateres fortløpende.

Søknadsprosessen er den samme som på et vanlig pass- og ID-kontor. Du må ha med passet ditt når du skal søke, selv om det er utløpt. Hvis du ikke har pass fra før, må du dokumentere identiteten din på annen måte.

Ordringen skal evalueres.

KORONA

- **Oversyn over nasjonale tiltak:**
[regjeringen.no/no/tema/Koronasituasjonen](https://www.regjeringen.no/no/tema/Koronasituasjonen)
- **Informasjon om vaksiner** av innbyggjarane blir oppdatert på Bygland kommune si heimesida kvar veke: www.bygland.kommune.no



- **Eigenerklæringsskjema til vaksinasjon** finn du på kommune si heimeside. Ta med utfylt skjema når du kjem til vaksineringsstasjon. Du kan òg få skjemaet ved publikumsmottaket på kommunehuset måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00 eller når du kjem til vaksinasjon. Vi legg skjemaet og ut på Coop Byglandsfjord, Joker Bygland og Coop Ose.
- Det nye digitale **koronasertifikatet (koronapass)** viser om du er vaksinert, om du er immun etter å ha hatt covid-19-sykdom og resultatet om du har negativ koronatest. Les meir: helsenorge.no/koronasertifikat/om/

Status på vaksinasjon (Covid -19) i Bygland kommune – Oppdatering per 30.08.2021

Talet på vaksinerte i Bygland er som følger: (Tal henta frå Folkehelseinstituttet sin statistikkbank)

- Dose 1: 837
- Dose 2: 746



Innkalling til vaksineringsstasjon og eigenerklæringsskjema

Vi minner om at vi bruker Varsling24 til å sende ut SMS til dei som står for tur til vaksineringsstasjon. Vi ber om at alle svarar i lenka som kjem med SMS meldinga. Det lettar arbeidet mykje for dei som skal organisere vaksineringsstasjonane.

Om du ikkje ønskjer/får til å trykke på lenka, kan du ringe sentralbordet på tlf. 37 93 47 00 måndag til fredag mellom kl. 10.00 og 14.00.

Har du ikkje fått innkalling så gi beskjed til post@bygland.kommune.no så tek vi kontakt.

Ta med utfylt eigenerklæringsskjema eller fyll ut den når du kjem til vaksineringsstasjon. (Sjå informasjon om kor du finn skjemaet ovanfor.)

Tid og stad

Du vil få melding om oppmøtetid og -stad når du får innkalling. Det er svært viktig at ein prioriterer denne avtalen, og heller endrar på eventuelle andre avtalar. MEN, dersom ein har symptom på luftvegsinfeksjonar (som feber, hoste eller forkjøling), må ein gi melding om at ein ikkje kan møte. Då kan denne dosen gå til den neste på lista, og du vil igjen få høve til å ta vaksinen veka etter.

Vaksinasjonsstad

Dette vil variere ettersom kor mange som skal vaksinerast, og kor mykje plass vi treng. Du vil få melding om kvar du skal møte, og kva tidspunkt du skal møte.

Vi vil så langt som råd tilpasse oppmøtestaden som ligg nærast der du bur. Hovudregelen er:

- Vaksinerer skjer i ei leilegheit på nordsida av Byglandsheimen
- Massevaksinerer vil skje i Byglandshallen

Koronasertifikat for ikkje-digitale brukarar

Koronasertifikatet er digitalt. Innbyggjarane får tilgang til det på Helsenorge.no. For dei som ikkje kan bruke det digitale sertifikatet har FHI



utvikla ein web-applikasjon som gjer det mogleg for sakshandsamarane ved Helfo å bistå ikkje-digitale brukarar som tar kontakt via telefon til informasjonstelefonen for korona.

Følgjande informasjon kan brukast i møte med ikkje-digitale brukarar. Vi understreker budskapet om at dei som kan bruke digitalt koronasertifikat, bør gjere det.

Du som ikkje kan bruke smarttelefon, PC eller nettbrett kan få tilsendt koronasertifikat i posten. Tenesta kan brukast om du er vaksinert eller immun etter gjennomgått covid-19.

Sertifikatet har to delar:

- Koronasertifikat for innanlands bruk
- Koronasertifikat for å passere grenser i EU- og EØS-området

Treng alle koronasertifikat?

Du treng ikkje koronasertifikat med mindre du skal ut og reise til land som krev koronasertifikat for innreise, for å unngå karantene når du reiser inn i Noreg, om du ønskjer å delta på større arrangement eller kystcruise med krav om koronasertifikat.

Ved å logge inn på <http://www.helsenorge.no> får du tiltang til ditt digitale koronasertifikat. Personar som ikkje kan bruke den digitale løysinga, kan bruke fullmaktsløysinga på Helsenorge for å få hjelp til å skrive ut eit, til ein kvar tid, gyldig koronasertifikat.

Ein kan og ta kontakt med Helfo for bistand til å få ei utskrift sendt heim til di folkeregistrerte adresse. Sjå meir informasjon under.

Vi tilrår at alle som kan, bruker den digitale løysinga.

Det digitale koronasertifikatet på www.helsenorge.no blir oppdatert automatisk, og er gyldig i 90 dagar (til ei kvar tid). Du kan laste ned ditt digitale koronasertifikat til din mobiltelefon eller nettbrett. Det er ikkje naudsynt med utskrift av sertifikatet om du har dette digitalt. Om du likevel ønskjer ei utskrift, ber vi om at du ordnar dette sjølv.

Framgangsmåte for bistand til ikkje-digitale innbyggjarar

1. Ha klart fødselsnummer eller d-nummer.
2. Ring informasjonstelefonen for korona:
 - Opningstid kl. 08.00 – 15.00, måndag til fredag
 - Frå Noreg: 815 55 015
 - Frå utlandet: +47 21 89 80 42

Sakshandsamar vil be deg om ditt fødsels- eller d-nummer, og be deg opplyse om namnet ditt og di folkeregistrerte adresse. Om namnet og adressa di ikkje stemmer med det som blir vist i folkeregistrert adresse i vårt system, kan du diverre ikkje få tilsendt koronasertifikatet. Du må då kontakte folkeregisteret for å avklare kva som er registrert på deg. Om du har gyldig koronasertifikat, vil du få dette tilsendt pr. post.

Gyldigheitsdatoen er 90 dagar frå utskriftsdatoen.

Helse:

Nettbasert kurs for pårørende til personar med demens eller hukommelsesproblem

"Pårørendeskolen" er eit gratis kurstilbod til deg som har eit familiemedlem eller ein nær venn som har hukommelsesproblem el. kjent demenssjukdom



Kva inneheld kurset?

- Dei ulike demenssjukdomane v/lege Hallvard Mosdøl
- Tap, sorg og sorgreaksjonar hos personar med demens og deira pårørende v/lege Anette Skarshaug Skeie
- Praktiske utfordringar i kvardagen - Tekniske hjelpemidlar v/ergoterapeut Linda Beathe Dalane
- Helse- og omsorgstenester. Kva finns og korleis søke om hjelp?
- Bruk av musikkbasert miljøbehandling v/Katrine Homdrum, rådgjevar helse og omsorg
- Kommunikasjon og samhandling til personar med demens v/psykiatrisk sjukepleiar Hanne Wold og ergoterapeut Ingunn Norschaug
- Vergeordning. Legalfullmakt. Framtidsfullmakt (Informasjonsfilm)

Praktiske opplysningar

4 digitale kurskveldar frå kl. 18.00 til ca. 19.30

Påmelding

Skann QR-koden som tek deg til eit påmeldingsskjema, ring eller send e-post til koordinator. Siste påmeldingsfrist: 17.10.21

Namn: Signe Telhaug - koordinator i

Hukommelsesteamet

Telefon: 945 20 970

E-post: signe.telhaug@e-h.kommune.no

QR-kode for påmelding:



Plan og utvikling

Revisjon av kommuneplanen sin arealdel – ope møte 29.09.

Bygland kommune arbeider med å revidere kommuneplanen sin arealdel. I denne samanheng vil det **onsdag 29.09.2021 kl 18.00** bli eit ope møte på Bygland kulturscene med tema «Landbruk – og utmarksnæring i kommuneplanen sin arealdel». "

Programmet for møtet er under utarbeiding, og endeleg program vil bli publisert i god tid før møtekvelden.

Medverknad i arbeidet med kommuneplanen

Bygland kommune er godt i gang med revidering av kommuneplanen. Difor har vi i 2019-2021 hatt ei rekke medverknadsaktivitetar der innbyggjarane, næringsliv og frivillige organisasjonar har vore involvert. På kommunen si heimeside kan du sjå kva for innspel som har kome så langt. Det er planlagt nokre aktivitetar til før vi set strek for innspelsmøte. Vi vil minne om at fristen for å kome med innspel til arealdelen er **15. oktober**.



Bilete: Ronja frå Byglandsfjord

Drift og Forvaltning

Får du Blekefangst?

Gjennom åra har mange bleker blitt radiomerka. Dersom du fiskar og fangar Bleke der ein oppdagar ein liten svart gjenstand på fisken (kan ikkje ta feil), så vil vi vere svært takksame dersom denne kan bli



Foto: Blekeprosjektet

levert på Bygland kommunehus med opplysningar om lengde på fisken, kvar fisken er fanga og namnet på finnaren. Informasjonen i desse sendarane kan gi viktig informasjon om bleka sine vandringar.

Målsetjinga med forskinga er å etterkvart få ein berekraftig sjølvproduserande bestand av fisken. Godt arbeid gjennom mange, mange år har gitt resultat, og her er godt håp om at vassdraget vårt framleis vil vere levestaden for bleka.

Kontakt: Nils Børge Kile, fisk – og vassdragsforvalter, tlf: 915 47 807, e-post: nils.kile@bygland.kommune.no

Oppvekst

Bli kjent tur 1-4.klasse i Bygland

Sola skein og det var ein blid og sprek gjeng som gjekk opp Fånekleiva. Me kosa oss på toppen med niste og lek. Me gjekk vidare mot Lauvdal og kosa oss på garden Hage. Her fekk me sjå og smake i kjøkkenhagen og alt som var av frukt og bær. Stas for både born og vaksne. Tusen takk for ein flott tur!

Bilete: Leik i Hage på Lauvdal av Hege Jore Gakkestad



Kyrkjene i Bygland

Kyrkjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 BYGLAND

Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711
Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173



Gudstenester

- søndag 26.09. kl. 11.00, Bygland kyrkje

Konfirmasjon

- laurdag 04.09. kl. **11.00**, Årdal kyrkje, Grendi,
kl. **14.00**, Austad kyrkje, Tveit



Dåpsgudsteneste

- søndag 05.09. kl. 14.30, Sandnes kyrkje, Åraksbø

Trusopplæring

- Trusopplæring med Malin Hegenscheidt startar i løpet av september. Oppstartsdatoen og informasjon blir lagt ut på bygland.kyrkjelyd.no/

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,

Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:

post@bygland.frivilligsentral.no

Info: bygland.frivilligsentral.no og på Facebook

Opne aktiviteter er:

- **BUA Bygland (tidligere Utstyrssentralen)**, tlf. 94 50 28 58
- **Utkøring av middag** to gonger i veka
- **Følgjeteneste og Transport til og fra vaksinasjon**



Seniorsenter - måndagar kl. 11.00 – 14.30, Pakkhuset på Byglandsfjord

Er du pensjonist og har lyst å vere sosial på dagtid, men ikkje funne ein møteplass enno? Kvar måndag arrangerer Frivilligsentralen saman med Pleie og omsorg, Seniorsenter på Byglandsfjord. Her kan du kome for å gjere noko saman med andre. Det vert servert varm lunsj, kake og kaffi.



Bingo - annakvar tysdag kveld kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral

Likar du å spele? Her kan du kome annakvar tysdag kveld, og spele bingo. Du betalar for bingobrett og kaffi. Det vert servert noko å bite i i pausen. Det vert delt ut fleire små gevinstar og ein hovudgevinst på siste brettet. Dette er sosialt og morosamt.



Styrketrening – torsdagar kl. 13.00 – 14.30 i Byglandshallen

Treng du meir bevegelse i kvardagen? Kvar torsdag kan du møte opp i Byglandshallen og få styrketrening saman med andre. Me tilbyr differensiert trening, som er tilrettelagt til deg uansett korleis form du er i. Me har fokus på auka balanse, styrke og mobilitet.



Strikkecafe – 1. og 3. torsdag i månaden, kl. 18.00 – 20.00 på Bygland frivilligsentral

Likar du handarbeid? Kanskje dele litt inspirasjon og handarbeidsglede? Kvar 1. og 3. torsdag i månaden møter menneske i alle aldrar på Frivilligsentralen med ein ting til felles: dei likar å halde på med handarbeid! Det vert servert kaffi/te. Det er eit samarbeid mellom Frivilligsentralen og Bygland Husflidlag.



Valfag Innsats for andre - samarbeid med Bygland Oppvekstsenter

Frivilligsentralen samarbeider med Bygland Oppvekstsenter om valfaget "Innsats for andre". Elevane i valfaget skal gjere ein innsats for andre. Dette skjer kvar tysdag frå kl. 12.00-13.30. For å få dette til, er me avhengige av at me får inn oppdrag. Oppdrag kan meldes inn på sms til 945 10 700. Der skriv du adresse og kva oppdraget er.

KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Bygdekinoen: onsdag 08.09. kl. 17.30 og kl. 19.30

kl. 17.30: CLUE - Maltesergåten

OMTALE

Samme dag som Cecilia og Une møte Leo for første gong dukkar eit lik opp på stranda i Skutebukta. Kven er han og kva gjorde han i Skutebukta. Kva har han å gjere med døden til Cecilia si mor året før? Saman byrjar dei tre ungdommane å nøste i trådane til det som skal vise seg å bli CLUE-gjengens aller første mysterium.

CLUE – Maltesergåten er basert på bokserien CLUE av Jørn Lier Horst.

BILLETTPRIS: 100 kr

FILMFAKTA

Regi: Thale Persen. Språk: norsk. Produksjonsår: 2021

Skodespelarar: Julia Mælumshagen Nymoene, Kenza Olympia Iteka, Felix Sollie, Kyrre Haugen Sydness, Andreas Cappelen, Bjørn Floberg, Marte Solem, Lisa Loven Kongsli, Marlon Valdés Langeland, Henrik Mestad, Anne Krigsvoll, Kyrre Hellum, Line Verndal, Gine Cornelia Pedersen. Sjanger: Action /Krim. Nasjonalitet: Noreg.

Aldersgrense med grunngiving: 9 år.

Filmen inneheld enkelte mørke og dramatiske scener med faretruande situasjonar, og skildring av lik. Dette gjer at filmen har 9 års aldersgrense.



kl. 19.30: a-ha The Movie

OMTALE

"a-ha The Movie" følgjer Morten Harket, Pål Waaktaar-Savoy og Magne Furuholmen på turné, og fortel samtidig historia om tre tenåringar som drøymde om å bli verdenskjente popstjerner.

Med unik tilgang på bandet i notid, og dessutan bruk av ukjent arkivmateriale, fortel filmen korleis tre svært ulike kreative personlegdommar har gitt oss stor musikk og internasjonal suksess. Men filmen viser òg korleis skyhøge musikalske ambisjonar har ført til konflikt og trøblete vennskap i fleire tiår. A-ha er framleis enormt populære, 35 år etter gjennombrøtet, og er Noregs største popsuksess gjennom tidene. "Take On Me" passerte sommaren 2019 éin milliard avspelingar på Youtube.


BILLETTPRIS: 120 kr

FILMFAKTA

Regi: Thomas Robsahm, Aslaug Holm. Språk: Norsk. Produksjonsår: 2021

Skodespelarar: Morten Harket, Paul Waaktaar-Savoy, Magne Furuholmen

Sjanger: Dokumentar. Nasjonalitet: Noreg. Lengde: 1t. 39min. Inga aldersgrense.



Bygland Filmklubb: søndag 12.09. kl 18.00: Memphis Belle (1990)

Filmen handler om et B-17 Bombefly sitt siste tokt under 2. verdenskrig. Dette i sammenheng med at 08.09.1941, 80 år siden, ble eitt B-17 skutt ned her i Bygland (flyvraket). Foredrag før filmen av Rolf Sigurd Løvland



Tømekalender for Bygland kommune – september 2021

Papir og plast: veke 36: tysdag 07.09.

Matavfall og glass/metall: veke 36: torsdag 09.09.

Matavfall og restavfall: veke 38: torsdag 23.09.

Nesmoen Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (08.09.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (25.09.)

Syrteveit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00-14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (11.09.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 25:

Bilete: Framside: Kajakk ved Storestraumen av Anne Fauske.

Innhald (med mindre anna er spesifisert): Marit S. Kvaale, Susanne Hegenscheidt, pixabay.com, Anne Fauske. Red.notat og Kva skjer: Valborg Attestog. Tusen takk til alle fotografane!

*Redaksjon: Susanne Hegenscheidt - Korrektur: Mari Rygg
Byglandsnytt oktober kjem: 01.10.2021, frist for innspel 29.09.*



Ymse

Lunskafé for næringsdrivande i Bygland – Stoga kafé fredag 03.09./01.10./05.11 kl. 11.00-12.00

Avgrensa tal plassar. Initiativtakar og lunsjvener: Olav Skeie, Ragnhild Sordal, Runar Granheim, Beate Simonstad (tlf.922 10 609) og Olav Grendstad (tlf. 906 65 459). Ved spørsmål ta kontakt med sistnemde.

Kvinner i Skogbruk: Krasjkurs i skogbruk

- torsdag 02.09. kl. 17.00, Evje infobygget
- fredag 03.09. kl. 17.00, Åmli rådhus
- laurdag 04.09. kl. 10.00, Marnadal stasjon

For meir informasjon: www.kvinneriskogbruket.no/





KVA SKJER I BYGLAND?

September 2021

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT <i>(med atterhald om endringar)</i>
fredag 03.09.	Stoga, Presteneset	11.00	Lunsjkafé for næringsdrivande
laurdag 04.09.	Bygland kyrkjelyd, Årdal kyrkje, Grendi	11.00	Konfirmasjon
	Bygland kyrkjelyd, Austad kyrkje, Tveit	14.00	
sundag 05.09.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	14.30	Dåpsgudsteneste
onsdag 08.09.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	17.30	CLUE – Maltesergåten (9 år)
		19.30	a-ha The Movie
sundag 12.09.	Bygland filmklubb, Bygland kulturscene	18.00	Memphis Belle (1990)
måndag 13.09.	Bygland kommune, Byglandshallen / Årdalshallen	12.00- 21.00	Stortingsvalet 2021
sundag 26.09.	Bygland kyrkje	11.00	Gudsteneste
onsdag 29.09.	Bygland kommune, Bygland kulturscene	18.00	Landbruk – og utmarksnæring i kommuneplanen sin arealdel - Ope møte

For Bygland frivilligsentralen sine aktiviteter sjå s. 12 og 13